



Kaffipause hører med - her ei av fredagsgruppene

ÅRSMELDING 2014

Styret i 2014

Leiar:	Sidsel Gråberg	Revisor:	Lars Sæterdal
Kasserar:	Leon Årset	Valnemnd:	Mari Fleten (leiar)
Skrivar:	Bjørge J. Helle		Martha Espeland (medlem)
Varamedlem:	Hildur Smådal		Ellaug Haugum (medlem)
			Lars Sæterdal (varamedlem)

Faste medlemmer i styret

Våre faste instruktører, Monrad Kolstad og Egil Nestande, deltar på alle styremøte. Monrad Kolstad og Bjørge J. Helle reiste som utsendingar til Seniornett Norge sitt Landsmøte.

Medlemmer

Ved slutten av året har vi 60 aktive medlemmer som møter jamleg kvar veke. I tillegg har vi registrert 37 «ikkje-aktive» medlemmer. 61 medlemmer har i 2014 betalt medlemskontingent til Seniornett Førde. Totalt har vel 100 personar fått dataopplæring ved Seniornett Førde sidan vi starta opp i 2009.

Styrearbeid og aktivitetar

Det er gjennomført 5 styremøte og behandla 30 saker.

Vi har hatt to Internettkaffe-samlingar. I vårsemesteret hadde vi redaktør Yngve Årdal i avisa FIRDA som orienterte om avisa sine nettsider, og i haustsemesteret var det NRK Sogn og Fjordane ved Kai Åge Pedersen som hadde tilsvarende orientering om NRK sine nettsider.

Ved oppstart av haustsemesteret hadde vi to informasjonsmøte; eitt for nybegynnarar som var interesserte i å komme i gang med data, og eitt for dei vidarekomne som hadde deltatt på tidlegare semester i Seniornett Førde.

Sommaren 2014 arrangerte vi eit instruktørkurs for Seniornettclubbane i nabokommunane til Førde. I alt 15 personar deltok. Kursleiar var Joop Cuppen frå Seniornett Norge. Eit nyttig kurs som vi gjerne ser vi får fleire av.

Seniorsurf dagen var i 2014 den 11. september i Lisj-salen i Førdehuset. Der deltok Seniornett Førde i eit fellesopplegg i lag med Førde Bibliotek og Førde kommune. Innpå 70 personar møtte til dette arrangementet. Tema for dagen var: Digitalisering i offentleg sektor, digitale tenester ved folkebiblioteket, kva for data-utstyr treng vi i heimen, og ein presentasjon av Seniornett Førde. I etterkant var det ca. 30 nye deltakarar som melde seg til klubben vår.

Avslutning av vårsemesteret hadde vi 30. april med ymse underhaldning, songar, kaffi og kaker. Og så var det dans etterpå.

Juleavslutninga var 5. desember, og høgdepunktet her var markering og feiring av Elisabet Muri sin 90-årsdag. Elisabet er ei av initiativtakarane til Seniornett Førde, og ho orienterte på festen greitt og grundig om korleis det heile kom i stand.

Instruksjon og opplæring

I tillegg til Monrad og Egil har nokre av deltakarane vore faste medhjelparar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene. Spesielt må vi nemne Helge og Magny.

Vårsemesteret

For nybegynnargruppa (frå hausten 2013) har det i vårsemesteret gått mest på repetisjon av det viktigaste: Søke på Internett, bruke e-post, bruk av nettbank, bildebehandling, m.m., men gjerne med noko nytt eller ein litt annan vri frå veke til veke.

For dei faste gruppene på torsdagar og fredagar har det også gått mykje på repetisjon, f.eks. søke på Internett etter telefonnummer, arrangement, rutetider, matoppskrifter, lese aviser, kommunalt nytt, kjøpe kino- og teaterbilletter. Bestille fly- og reisebilletter, bildebehandling m.m. og Finn.no.

Bruke Nettbank og oppdatering av Java. Så har vi terpa mykje på lagring av filer i mapper etter eit oversiktleg system.

I april arrangerte vi nybegynnarkurs i Excel-rekneark over to dagar. På dette kurset deltok 11 stk. frå dei ulike vidarekomne gruppene.

Mange av deltakarane har elles vore uheldige og fått «Highjacker-virus» eller «trojanar» på maskinene. Særleg har det vore plage med programma ASK og Nation.com. Til å bli kvitt virus og trojanar har vi fått fjernhjelp frå Seniornett Norge ved Joop Cuppen og andre. Alle har lasta ned programmet «TeamViewer» slik at folk i Seniornett Norge kan «kople til», fjernstyre og reinse den PCen som har virus.

Haustsemesteret

Før oppstart av haustsemesteret inviterte vi til info-dag for interesserte nye deltakarar. Det kom nesten 30 personar på denne dagen, og 17 av desse registrerte seg til nybegynnargruppa. I tillegg var det 3-4 frå førre sesong som ville «gå opp att» i nybegynnargruppa. Ved oppstart var det dermed ei gruppe på over 20 personar som møtte. Så mange er det ikkje skikkeleg plass til i kurssalen, men etter litt fråfall av ymse grunnar, har det vore 13-14 deltakarar som har møtt jamt gjennom haustsemesteret.

Bakgrunnen til nybegynnarane hausten 2014 har vore meir variert enn tidlegare år. Mange har ikkje tidlegare hatt PC, og har heller ikkje brukt skrivemaskin, medan andre er å rekne for vidarekomne (mellom anna dei som «går opp att»). Ei slik blanding er utfordrande både for instruktørane og deltakarane. Progresjonen i gruppa blir bestemt av dei som i utgangspunktet er heilt «blanke», og dette kan for dei meir drevne bli litt kjedeleg, Det har også vist seg å vera stor spreining når det gjeld e-postsystem. Dei fleste har «Web-mail» og brukar ikkje spesielle e-postprogram som Outlook eller Live Mail. Dette har også skapt ein del utfordringar for instruktørane, spesielt i høve til e-post med vedlegg.

For dei vidarekomne gruppene laga vi tidleg i semesteret ein «timeplan» med aktuelle tema for kvar møtedag fram til juleavslutninga. Dette har stort sett vore godt mottatt ved at medlemmene har fått ei oversikt over tema for vekene og dagane i haustsemesteret.

Også i haustsemesteret arrangerte vi Excel-kurs, og så mange var interesserte i dette at det enda med at alle i dei tre gruppene var med på kurset. Etter to kursdagar var konklusjonen at det bør arrangerast eit vidaregåande kurs i vårsemesteret 2015.

Undervisningsmateriell

For nokre arbeidsoppgåver har vi laga skriftleg oppsett til deltakarane, der dei får detaljert hjelp til korleis dei skal gå fram. Dette saman med Seniornettavisa som no har kome i eit svært hending format har vore til stor hjelp for mange. Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike.

Sosialt opplegg

Alle gruppene har på kvar samling ei felles halv-times kaffipause i sofagruppa ute i gangen/hallen. Her har vi fortsett med ordninga der ein av deltakarane tar med seg heimebakst eller andre godsaker til kaffien. Dette går på omgang. Kaffi/te kokar vi på minikjøkkenet på Brunosten. Medan vi sit i sofagruppa tar vi gjerne ein kort repetisjon på det vi har arbeidd med tidlegare på dagen. Ein slik seanse set dei fleste stor pris på etter dei tilbakemeldingane vi har fått. Det sosiale er kanskje det viktigaste for mange.

Søknader om VO-midlar

Vi har i 2014 søkt om VO-midlar til 3 kurs: Eitt nybegynnarkurs med 16 deltakarar, eitt generelt vidaregåande kurs med 10 deltakarar og eitt nybegynnarkurs i Excel med 12 deltakarar. For søknaden om VO-midlar til Excel-kurset, kombinerte vi kurset i vårsemesteret med kurset i haustsemesteret for å fylle minstekravet om kurslengde på minst 8 timar.

Rekneskap

DRIFTSREKNESKAP	Inntekter	Utgifter
Medlemskontingent	18 300,00	
Kursavgift	0,00	
Kaffipengar	19 440,00	
Tilskot	16 301,68	
Finansinntekter (renter)	57,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		22 000,00
Servering		7 905,50
Utstyr		4 098,00
Annonser, porto		1 111,00
Godtgjersle til tillitsvalde		800,00
Reiseutgifter		5 066,00
Andre utgifter		3 804,30
Finanskostnader (bankgebyr)		69,00
Resultat		9 244,88
Sum	54 098,68	54 098,68

RESULTATKONTO

Sum inntekter	54 098,68	
Sum utgifter		44 853,80
Fordringar 31.12.2014	0,00	
Gjeld 31.12.2014	0,00	0,00
Resultat (overskot)		9 244,88
Sum	54 098,68	54 098,68

BALANSEKONTO per 31.12.2014

	Debet	Kredit
Eignedelar:		
Bankinnskot	42 158,66	
Debitorar (fordringar)	0,00	
Eigenkapital (og gjeld):		
Kreditorar		0,00
Kapital per 31.12.2014		42 158,66
Sum	42 158,66	42 158,66


Sidsel Gråberg
leiar

Leon Årset
kasserar

Budsjett 2015

	Inntekter	Utgifter
Medlemskontingent	19 500,00	
Kaffipengar	19 000,00	
Tilskot	15 300,00	
Finansinntekter (renter)		
Godtgjersle til instruktører for utlegg		25 000,00
Servering		2 000,00
Utstyr		10 000,00
Annonser, porto		2 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		800,00
Reiseutgifter		10 000,00
Andre utgifter		4 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		
Resultat		
Sum	53 800,00	53 800,00

Helsing styret og instruktørane



Sidsel, Bjørg, Leon og Hildur
Leiar, skrivar, kasserar og varamedlem



Monrad og Egil
instruktørar

Arbeids/aktivitetsplan for kommande år (til drøfting på årsmøtet)

Ny organisering av internettkaffi-samlingane

Styret har mottatt innspel om eit endra opplegg for desse fellessamlingane, og foreslår følgjande alternative opplegg som ei prøveordning:

Internettkaffi der deltakarane blir fordelte gruppevis i mindre grupper (5-7 personar) rundt samme bord. Kvar gruppe kan arbeide med kvar sine tema/ problem ved å utveksle synspunkt og hjelpe kvarandre, men etter behov også med støtte frå instruktør. Slike samlingar kan gjennomførast eit par gonger i kvart semester.

Vidareutvikling av tema-retta opplegg for kvart semester

Opplegget med ein «timeplan» med aktuelle tema for kvart semester har vore vellykka. Styret meiner dette bør vidareførast, men trur det kan vere ein fordel med «kurs» som går samanhengande over ei viss tidsperiode, f.eks.:

- Nybegynnarkurs med grunnleggande dataopplæring i haustsemesteret (internett, e-post, nettbank, lagring av filer osv.)
- Vidaregåande kurs for dei som har gjennomført nybegynnarkurs
- Spesialkurs for interesserte, eks. Excel, tekstbehandling, PowerPoint
- Kortare kurs på spesielle emne, eks. e-post, bildebehandling, Facebook, mapper og filer (slike tema kan også passe å ta gruppevis på Internettkaffi-samlingane)

Krav til programvare

Medlemmene i Seniornett Førde brukar i dag fleire ulike versjonar av Windows-operativsystem (Windows Vista, Windows 7, Windows 8.1). Dette har ikkje skapt dei heilt store problem sjølv om skjermbilde og menyar framstår noko ulikt. Ei standardisering her synest derfor ikkje nødvendig.

Felles og like arbeidsprogram (kontorpakker), dvs. MS Office er derimot ønskjeleg sett frå instruktørane si side. Kontorpakka MS Office er i dag tilgjengeleg i mange versjonar og til ulik pris. I heilt nye PCar inngår gjerne den enklaste versjonen Office Starter, med programma Word Starter og Excel Starter. Begge er OK for dei som ikkje brukar data i særleg avansert form (Word starter er dårleg på bildebehandling).

Meir fullstendige Office-pakker er tilgjengeleg i ulike versjonar. Aktuelle for oss er:

Office 365 Home. Abonnement kr 799 per år. Inkl. Outlook og kan installerast på 5 PCar

Office 365 Personal. Abonnement kr 549 per år. Inkl. Outlook, kan installerast på 1 PC

Office Home & Student 2013. Eingongskjøp kr 1099. Utan Outlook, kan installerast på 1 PC

Office Home & Business 2013. Eingongskjøp kr 2099. Inkl. Outlook, kan installerast på 1 PC

Eit viktig spørsmål som årsmøtet bør drøfte er om vi skal pålegge alle å kjøpe Office-pakka, og spesielt ein versjon med Outlook inkludert? Seniornett Norge tilrår å bruke gratis «kontorpakker» som f.eks. OpenOffice eller LibreOffice.